



Professor Peter Mosby Haugan seier at heile verdas energibehov kan dekkjast av sola.

Professor: Sol-energi er nok til å forsyna heile verda

Bodskapen frå siviløkonomar, professorar og lokale eldsjeler var klar: – Det grønne skiftet kjem med stormsteg, og dei som tviheld på fossil næring, vil tapa både terreng og pengar.

ØYSTEIN LID
ol@osogfusa.no

– Eg har høyrte at de osingar er flinke med pengar. Då må de sjå og gjera kommunens investeringar på børsen fossilfrie så snart råd er, sa siviløkonom Per Hjal-

mar Svae.

Han har undervist i samfunnsøkonomi ved Handelshøgskolen BI i ei årrekke, og var ein av føredragshaldarane Kløvertun torsdag kveld, arrangert av Besteforeldrenes klimaaksjon.

Han viste til forslaget i kommande transportplan (NTP) om at bensin- og dieslbilar skal fastast ut i 2025.

– Om 10 år sluttar salet av fossilbilar. Mongstad kjem til å bli lagt ned om 15 år. De kan ikkje ha pengar i slikt. Flytt pengane over i fornybar energi i staden, sa Svae.

– Elbilane utkonkurrerer bensinbilar

Som miljøkoordinator i Hordaland fylkeskommune fekk Svae

mykje av æra for at fylket ligg heilt i front når det gjeld elbilar, og utbygging av ladestasjonar over heile fylket. Han rådde Os kommune til å kjøpa fleire elbilar.

– Med dagens teknologi har elbilane ei rekkevidde på rundt 20 mil, og Svae la til at i 2025 vil bilane ha rundt 50 mils rekkevidde. Då stoppar fossilbil-salet. Rett og slett fordi elbilane er betre bilar, spådde siviløkonomen.

Han viste vidare til den store diskusjonen i kommunestyret i Os for eit par år tilbake, då spørsmålet var om elbilar verkeleg er meir miljøvenleg eller ikkje. Særleg pga. større ureining ved produksjonen av batteria, enn ved konvensjonelle bilar.

– Eg kan roa dykk ned med at

dei auka miljøkostnadene ved produksjon av elbilar, er tent inn att etter seks månader. Etter det er det rein netto i 15-20 år. Og det på ein amerikansk energi-miks. Her i Noreg med 98 prosent fornybar energi på "tanken", går det endå raskare, sa Svae.

Professor: Sol-energi nok til heile verdas straumforbruk

Os kommune fekk skryt for å vera i front når det gjeld solcelle-panel på kunst- og kultursenteret Oseana. Professor Peter Mosby Haugan har forska mykje på fornybar energi, og fortalde om dei enorme framstega som er gjort på feltet solcelle-teknologi dei siste åra.

– Ofte høyrer du at me ikkje greier oss utan energi frå fossi-

le kjelder. Det stemmer ikkje. Energi frå solcelle-panel åleine, er nok til å dekkja heile verdas energibehov, sa Haugan.

Han viste til eit reknestykke som viser kor stort eit enkelt solcelle-panel måtte vera for å gje nok straum til heile verda. Det måtte vera på storleik med 3,5 prosent av Sahara-ørkenen.

– Spørsmålet er ikkje lenger om det lønner seg med solcelle-energi eller straum frå andre fornybare kjelder. Spørsmålet er om det lønner seg å tillata bruk av fossilt brensel. Svaret er faktisk nei, sa Haugan, og viste til dei enorme kostnadene frå CO₂-utslipp.

– Prisen på solceller fell med 20 prosent for kvar dobling i volum. Snart kan heile verda få



like billeg straum som Noreg får på vasskraft, sa professoren.

Han starta sjølv si karriere innan oljesektoren, men no har Haugan nådd fram til ståstaden at Noreg bør slutta å forska på olje og fossile brennstoff, og heller bu seg på den grønne framtida.

Frå det internasjonale til det ultra-lokale

Frå dei store linjene knytt til lovendingar i miljøvenleg retning og korleis marknadskreftene gradvis vert innstilte på ei grøn omstilling, fekk tilhøyrarane i Kløvertun også høyra om det meir regionale og lokale. Den relativt nystarta organisasjonen Berekraftige liv på Os presenterer seg og sitt arbeid.

- Me ser på oss sjølve som igangsetjarar. Når nokon får ein miljøvenleg idé lokalt, legg me til rette for at ideen kan gjennomførast. Det kan handla om alt frå lokal matauk til kles-gjenvinning, fortalde Marny Strømmland. Dei har mellom anna arrangert sopp-tur, "spis min hage" og vedhogst.

- Det finst dei som har meir bær enn dei treng, og dei som ikkje har hage. Og mange treng ved utan å ha tilgang til skog.

Vår jobb består då i å kopla i ho dei to partane, fortalde Strømmland.

Ho viste vidare til resirkulerings-prosjektet Kleskarusellen dei arrangerer 5. november, og nemnde også at dei framleis er på utkikk etter ei tomt for å etablere parsellhage.

Næringslivet blir grønare

Helene Frihammer frå Klimapartnersamarbeidet i Hordaland viste til at Bergen kommune nyleg har vedteke at Bergen skal bli fossilfri innan 2030.

- Kan dette vera eit mål også å setja i Os, spurde ho.

Ei rekkje verksemder har gjennom medlemskap i Klimapartnerane forplikta seg på ei miljøvenleg utvikling. Frihammer nytta transportselskapet ASKO som døme.

- Dei har lagt ein visjon om fossilfri transport innan 2020. Dei fasar inn ulik teknologi så snart han er klar for å nå dette målet. Elektriske trailerar, hydrogentrailerar og bio-diesel er blant teknologiane dei prøver ut, sa Frihammer, og oppfordra verksemder også i Os om å ta kontakt.

Kommunalsjef Aina Tjosås i Os kommune kommenterte at



Helene Frihammer frå Klimapartnersamarbeidet i Hordaland.



Marny Strømstad i Berekraftige liv på Os viste til ei rekkje lokale initiativ for å skapa ein meir berekraftig kvardag.



Ein politisk diskusjon utan at Frp/H (som hadde gruppemøte) var til stade avrunda kvelden.

ulike verksemder ikkje gjennomfører dei ulike miljøtiltaka fordi dei er så snille og edle, men fordi det lønner seg.

- Når Avinor installerer eit enormt solcellepanel, trur ikkje eg det er fordi dei er så gysla opptekne av miljøet. Dei er opptekne av å tena pengar, samtidig som dei aukar renommeet sitt, sa Tjosås.

I sitt føredrag viste ho til at nye hus bygde i kommunal regi, som Os Asvo sitt nybygg, er bygt i passivhus-standard. At den siste oljefyren no er på veg ut, var eit anna døme ho tok fram for å visa at Os kommune har fokus på miljøet. Ikkje minst var visjonen (som ikkje er vedteken enno) om å gjera Lyseparken til ein grøn Silicon Valley, ein bodskap som gjekk rett heim hjå den miljømedvitne lyttarskaren.

Ein telefon til Kåre Willoch

Ei rekkje moment med politiske implikasjonar var framme i løpet av kvelden. Men mannen som starta Besteforeldrenes klimamaaksjon for 10 år sidan, Halfdan Wiik, la vekt på at dei ikkje posisjonerte seg partipolitisk.

- Dette handlar ikkje om høg- eller venstre. Det dreier seg om sunt bondevit. Då eg tok ini-

tiativet for 10 år sidan, var noko av det første eg gjorde å ringa til Kåre Willoch. Han sa umiddelbart ja til å vera med på oppropet vårt, fortalde Wiik.

Han viste vidare til at mannen bak handlingsregelen, Hermod Skånland, også raskt melde seg.

- Alle opplyste menneske veit no at dersom me held fram med ureininga vil temperaturen stiga meir og meir på jorda, og det vil gje oss ei heil rekkje uheldige konsekvensar. Dette har me visst i mange tiår, og vårt poeng er å få folk ut av den handlingslamminga me har sett, sa Wiik.

Han streka under at sjølv om alvoret i situasjonen ligg under, er det viktig å ikkje prøva å gje folk dårleg samvit.

- Dårleg samvit er noko av det minst produktive som finst her i verda. Me har ikkje lov å vera pessimistar, sa Wiik.

Snart folkemøte om ny motorveg

Kva konsekvensar får ny motorveg gjennom Moberg? Slike spørsmål kan du stilla til E39-prosjektleiari Signe Eikenes i november.

ØYSTEIN LID

ol@osogfusa.no

Om kort tid blir den statlege kommunedelplanen formelt lagt fram frå departementet. Prosjektleiari for Hordfast, Signe Eikenes, seier at ho ventar å få ein konkret dato for dette neste veke.

- Nett no driv me og flikkar litt på teksten, bl.a. i høve til Bårdsundet på Tysnes. Så snart det er på plass, og saka kan leggjast ut, vil eg jobba med ein konkret dato for folkemøte i Os og dei andre relevante kommunane, seier Eikenes.

Ho vonar at møtet kan finna stad på Oseana ein gong i november, men det kan også bli desember.

Spørsmål avgjer fokus

På spørsmål om kva som blir hovudfokus på Os-møtet, svarer Eikenes at dei vil gå gjennom kva arbeid som så langt er gjort.

- Me vil gå gjennom ulike funn, og fortelja om våre tilrådingar. Dessutan opnar me for spørsmål frå salen, så fokus i løpet av kvelden blir også avgjort av tilhøyrarane, fortel ho.

Dei vil stilla mannsterke for å sørga for å ha kompetansen på plass i salen til dei ulike spørsmåla som måtte koma.

Har få detaljar

Ho forklarar at dei på noverande stadium i prosessen har dei ikkje eit inngående detalj-fokus.

- Når me er på KDP-nivå, avgrensar me oss til å tilrå ein vegkorridor og ei prinsipp-løysing. Reguleringsplanen er neste fase, då får me på bordet dei nøyaktige høgder på bruer og vegar. Den vegtraseen som no blir føreslått, kan altså justerast i fleire retningar, seier Eikenes.

Likevel er KDP-en alt i dag såpass konkret at Vegvesenet kan slå fast t.d. at enkelte område vil bli meir utsette for støy enn tidlegare.

- Sjølv om me i løpet av reguleringsplanen flyttar vegen 20 meter, vil ikkje det minska støyen frå vegen i særleg grad. Dermed kan me alt i dag seia at ein barnehage ikkje ligg ideelt plassert i høve til kvar vegen kjem, seier Eikenes.